

NYTT OM RUNER

Meldingsblad om runeforskning



Nr. 1

1986

ISSN. 0801-3756

A284, blyblekk frå USA. Innskrifta vart kjend i 1985, og gjenstanden vart då kjøpt inn av Oldsaksamlinga i 1986 (museumsnr. C-36688). Ein nordmann skal ha teki den med seg frå heimlandet då han vandra ut for lenge sidan. Blyblekk, 75x15x1 mm, som har vore brett saman med 5 faldar til ein firkant 15x15.

Noko skadd. Tre runeliner på innsida; store runer på utsida. a)



∴ aaa·ppp--aaaaa:· āgla ∴ mikael · gābr/iel·rafael ∴ raguel ∴ omnæs āngeli ēpār/kāngeli ∴ pāntaserōn · gunlaug ∴ pāna =
aaa ppp--aaaaa. agla. Mikael, Gabriel, Rafael; Raguel.

Omnes angeli et arkangeli pantaseron Gunnlaug(?) pana(?).
'(Oppattekne teikn = magi.) Agla (=trylleord). Mikael, Gabriel, Rafael, Raguel. Alle englane og erkenglane ??? (forvansking av pantocrator 'den Allmechtige') Gunnlaug pana (?; mannsnamn med tilnamn, i akk.)'. b) ꝥ | āga ? = agla (forvanska).

I tillegg kom det melding om innrissingar (ikkje runer):

1. i ei stavløe frå Sandnes (Jølster, Sunnfjord, no i Norsk Folkemuseum) - fleire ulike symbol.
2. i ein stokk frå Nore i Numedal - latinske bokstavar.
3. i døra til eit stabbur på Tufto (Uvdal i Numedal).
4. i fast fjell ved Listøl ovanfor Sirdalsvatnet i Vest-Agder - naturlaging.

Via Klaus Düwel kom det melding om ein stein med innskrift i Kvelde i Vestfold. Innskrifta er nok av nyare dato og er truleg ikkje i runer: Uꝥꝥ.

Runearkivet har planar om å få i stand regelbunden publisering av runefunn i Noreg, venteleg i artiklar i Universitetets Oldsaksamlings Arbok (som kjem ut annakvart år). I 1987 kan såleis dei nye runefunna frå 1985-86 verta omtala.